



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 15

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 26.09.2014

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/322-22	6941/14	020	FSK/FEL/ANTE	

MØTEREFERAT 9. SEPTEMBER 2014

Det vart halde møte i eldrerådet tysdag 9. september 2014 kl. 12.30 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen
Erna Drange

Anne Lise Holmelid hadde meldt forfall, og Olga Gransjøen møtte som vara.

Helge Hauge og Reidun Sellevåg møtte ikkje.

Elles møtte rådmann Steinar Dalland og ordførar Kjetil Hestad i første del av møtet, samt Anders Teigen som sekretær.

Ordførar møtte i første del av møtet, og orienterte om m.a.

- Arbeidet med nytt omsorgssenter
- Samarbeid med eldrerådet i samband med eldredagen
- Områdeplanen i Våge sentrum
- at Skyss hadde kutta bestillingsruta på Reksteren.

Ut frå orienteringa vedkomande bestillingsruta, vedtok eldrerådet å senda følgjande uttale til Skyss:

«Eldrerådet i Tysnes kommune registrerer at Skyss har kutta bestillingsrute i Tysnes til Reksteren.

Dette er heilt uakseptabelt og eit grovt diskriminerande overtramp overfor eldre.

Særleg blant eldre er det mange som ikkje har førarkort. Skyss må snarast ta ansvar, jf. statleg styringssignal om ein verdig alderdom.»

Sak 2 Orientering om avlastningsplasser og samhandlingsreformen

Grunna andre møte, vart det ikkje høve til å koma inn på sak 1 i særleg grad.

Sak 3 Områdeplan – Våge sentrum

Ordførar og rådmann orienterte om arbeidet med denne planen.

Eldrerådet tek planen til orientering.

Sak 4 Eldredagen 2014

Eldredagen 2014 vert 1. oktober kl. 15.00.

Det vert basert på erfaringar frå tidlegare år. Det skal takast kontakt med nokon til å hjelpa til med å få på plass bord og stolar. Det vert organisert påmelding til Erna og evt Sissel i Kontakten. Marta vert å kontakta med spørsmål om musikk. Freddy Jensen syt for annonse i Bladet Tysnes, medan Erna Drange tek kontakt med Sissel Clausen. Det vert å spørja Ingebjørg om snittar.

Billettpris vert kr. 200,-.

Sak 5 Fylkeseldrerådsmøte den 7. og 8. oktober

Helge Hauge vert spurt om han kan delta på fylkeseldrerådsmøtet.

Ymse

Leiar orienterte om kontakt med Tysnes Komlelag, og at dei vil invitere pensjonistar til Grendatun 6. november til komlefest i samarbeid med Eldrerådet. Eldrerådet vert bedne om å marknadsføre festen og reservera Grendatun.

Møtet slutt kl. 14:50.

Anders Teigen
referent